

## Høyringsuttale om det offentlege grunnskuletilbodet i Lesja kommune

I Lesja kommune si behandling av budsjett og økonomiplan for 2025, den 12.12.2024, vedtok kommunestyret å slå saman ungdomssteget på Lesjaskog skule med ungdomssteget på Lesja skule.

Grunngjevinga for dette var behov for innsparing i kommuneøkonomien. Dette skjedde mot sterke ønske og reaksjonar frå foreldre, elevar og befolkninga elles i området.

Befolkninga i denne delen av kommunen har i alle år vore opptatt av at det skulle vera 1.-10. -skule på Lesjaskog, slik det har vore dei siste 50 åra. Ungdomsskulen vart innført i Lesja på slutten av 1960-talet, felles for elevane frå heile kommunen, med skulestad på Lesja.

Nokre år etter, i 1975, vart det bestemt at det skulle vera ungdomsteg ved begge skulane. Det var den gong som nå den lange skulevegen og ønsket om å gå alle skuleåra på skulen i nærmiljøet sitt, som var dei viktigaste og avgjerande argumenta.

Lesjaskog skule har i alle desse åra vore ein 1.-10.-skule som har fungert svært godt som fådelt skule. Skulen har alltid hatt eit velkvalifisert og kompetent personale. Miljøet på skulen, blant anna med aldersblanding, har skapt god trivsel og gode forhold for læring, og dermed gode resultat.

Den overveldande støtta til etablering av Fjellnær friskule syner at alle i bygda framleis vil ha 1.-10.-skule i nærmiljøet. Dette vil vera til barnas beste fordi Fjellnær friskule vil:

- gi alle elevane betydeleg kortare skuleveg
- gi barna meir tid og overskot til fritidsaktivitetar og samvær med familie og vener
- gjera skulen til eit samlingspunkt for alle elevane i grunnskulealder
- vera med å skape trivsel i nærmiljøet
- gjera samarbeidet mellom Lesjaskog friluftsbarnehage og skulen enklare
- gjera det trygt for barnefamiljar å bu i denne delen av kommunen
- stimulere til tilflytting, befolkningsvekst og framtidstru

Friskulen er pålagt å følge den same læreplanen (Kunnskapsløftet) som den offentlege skulen, og gir dermed eit likeverdig undervisningstilbod. Skulen skal i tillegg ha ein tydeleg verdiprofil.

Friskulen har tilsett rektor, og det er mange søkjarar både til undervisningsstillingar og andre stillingar som gjeld drifta av skulen.

Friskulen vil ikkje svekke den offentlege skulen på Lesja, for elevtalet og lærarbehovet der, er det same som før u-steget på Lesjaskog vart flytta til Lesja sist haust.

Elevane i Fjellnær friskule har rett på dei same skulehelsetenestene som elevane elles i kommunen.

Når u-steget ved Lesjaskog skule vart vedtatt flytta til Lesja, var argumentet å betre ein svak kommuneøkonomi. Å kvitte seg med kommunale bygg og eigedommar var òg eit sterkt ønske. Når Fjellnær friskule nå overtar både skuledrift og bygningar på Lesjaskog, vil dette i seg sjølv føre til eit stort økonomisk handlerom for kommunen. Det er høgst urimeleg at kommunen, i tillegg, også skal ha inntekt for salg av eigdommen. Den bør seljast for eit symbolsk kronebeløp.

Leiinga i Fjellnær friskule har gjort eit grundig og svært godt arbeid med førebuinga til etablering av skulen. Når UDIR har vedtatt godkjenning av Fjellnær friskule som ny 1.-10.-skule i denne delen av kommunen, blir dette eit utmerkt tilbod til elevane. Skulestart må vera august 2026.

Vi går inn for at den offentlege skulen på Lesjaskog blir nedlagd.

Torunn og Hans Enstad